

Fylkestinget i Hordaland  
v / fylkesordføraren

Bergen, 11.12.2017

## **Veglause grender (Furnes, Stokken, Padøy, Heimvik, Tone, Mellesdalen, Vedå og Bukkestein) kan miste båtruta**

Senior Norge er nytt namn på tidlegare Seniorsaken. Senior Norge er ein frittstående og upolitisk interesseorganisasjon for "godt vaksne" i samfunnet.

Organisasjonen er kjend med forslag om å leggja ned nemnde båtrute i Osterøy, Vaksdal og Lindås. Iflg. info bur det folk i "alle aldrar", frå skuleborn til eldre, i desse grendene, og alle er avhengige av båtruta (MB Ospenes) som trafikkerar området. Utan båtruta blir det, iflg. info, svært vanskeleg (umogeleg?) å bu i desse grendene. Dvs. at fylkeskommunen, med å leggja ned båtruta, kan tvinga folk som bur her til å flytta frå heimane sine. Er det slik fylkeskommunen skal ivareta sine borgarar og byggja landet? Kostnaden med båtruta er ikkje "all verdas pengar" (iflg. info ca. kr 1,5 mill), og det kan ikkje vera umogeleg å finna den summen - som må sjåast i samanheng med å ta vare på land og folk. Senior Norge Hordaland ber fylkestinget om å finna ei løysing, slik at båtruta blir oppretthalden og folk busett i området kan bu i heimane sine.

Venleg helsing

f. Senior Norge Hordaland

**Odd Himle**

leiar  
*ingen håndskreven singatur*